



*Ulla Skulehus*

*Skipa 11. april 2009*

*Haramsøy*

*Bygd i 1886*

---

## ÅRSMELDING 2009

### 1. Skipingsmøte 11. april 2009

Det var 36 personar som møtte fram til skipingsmøte. Møtet gjekk greit.

### 2. Styremøte 2009

Styret har hatt 4 møte i 2009.

### 3. Formelle sider for laget

Ulla Skulehus er innmeldt i Brønnøysundregisteret.

I januar 2009 sende vi inn søknad om frådelling av festetomt til Haram kommune. Det tok lang tid før vi fekk svar frå kommunen, men i januar 2010 fekk vi vedtaket tilsendt. Oppmåling er ikkje utført enno, så vi har ikkje grunnlag for å få tinglyst skøyte og festeavtalar. Men vi reknar med at dette er ein formalitet.

### 4. Kulturelle aktivitetar

Vi har hatt ein kulturell aktivitet i 2009. Ngoma teater frå Trondheim var på Ulla og synte fram teaterstykket Pindia 27. juni 2009. Det var svært vellykka med 62 publikumarar og fint ver.

### 5. Dugnad og vedlikehald

24. juli 2009 var det dugnad med utvendig vask av bygget slik at det var klart til måling.

29. juli 2009 var det dugnad med måling av skulehuset utvendig.

2. januar tok vi ut utdøra og sette inn ei midlertidig plate. Døra var ferdig restaurert til påske 2010.

### 6. Økonomi

Vi har pr 1. mai 2010 til saman 69 medlemmer, derav 5 barn. Dette er vi godt fornøgd med, men vi har som mål å nå 100 medlemmer. Vi har fått tilskot på kr 10 000 frå Sparebanken Møre og kr 5 000 frå Haram kommune. Ved utgangen av rekneskapsåret 30. april 2010 var det kr 21 427,90 innestående på bankkontoen. Sjå rekneskap for 2010.

Sjå elles fullstendig dokumentasjon på heimesida: [ullanett.com](http://ullanett.com)

For styret 4. mai 2010

Knut Hallvard Ulla

leiar og økonomiansvarleg